

## **SAK 10/09 SKJØNNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN, 2009 – PRIORITERING AV PROSJEKT TIL FORNYING OG OMSTILLINGSTILTAK**

### **Saksopplysing**

Fylkesmannen har helde attende midlar av fylkesramma for Buskerud til prosjekter knytt opp mot kommunale omstillingstiltak i 2009. Midlane vil bli fordelt i løpet av fyrste halvår 2009, med frist for regionråda å gje orientering til Fylkesmannen om valte prosjekt, innan 1. mars 2009.

### **Fordeling for 2009**

8,622 millionar kroner av skjønnnsmidlane for 2009 til fordeling:

- 4,750 mill kr til prosjektskjønn
- 3,872 mill kr til ekstraordinære forhold i enkeltkommunar

Fordeling av midlar til regionane blir rekna ut etter følgjande fordelingsnøkkel:

- Drammensregionen 35,0 %
- Kongsbergregionen 22,5 %
- Midtfylket/Ringeriksregionen 22,5 %
- Hallingdalsregionen 20,0 %

I følgje vedteken fordelingsnøkkel vil regionane i 2009 få utbetalt:

- Drammensregionen kr. 1 662 500,-
- Kongsbergregionen kr. 1 068 750,-
- Midtfylket/Ringeriksregionen kr. 1 068 750,-
- Hallingdalsregionen(20%) kr. 950 000,-

Kommunal- og regionaldepartementet har gjeve nokre føringer for kva prosjekt som bør prioriterast ved fordeling av skjønnnsmidlar:

*"I tråd med regjerings politikk bør det lokale fornyingsarbeidet ha et spesielt fokus på kvalitetsutvikling av tjenestene og effektiv ressursbruk. Sektorovergripende prosjekter for å bedre planlegging, økonomistyring og effektiviteten i den enkelte kommune, og der i gjennom kvaliteten, vil være særlig relevant. Interkommunale samarbeidsprosjekter med nevnte fokus vil også være aktuelt å støtte. "*

*"I tråd med kvalitetsskommuneprogrammet bør fylkesmennene tilstrebe å gi støtte til prosjekter som fokuserer på samarbeid mellom folkevalgte, ledelse og ansatte/tillitsvalgte i den enkelte kommune."*

Fylkesmannen vil ikkje overprøve regionane sine prioriteringar, men føreset at kriteria for tildeling er oppfylt.

Fylkesmannen har avsett midlar til to fellesprosjekt i 2009:

- "Falle mellom stoler"
- Buskerudplan

Desse prosjekta vil, jfr. tidlegare år, bli finansiert av midlar som blir helde attende for 2009.

Rådmannsutvalet har gjeve følgjande innstilling til Regionrådet på prosjekt som bør prioriterast i 2009:

- Samordning av infrastruktur for skular og barnehagar (IKT): Kr 250 000
- Ny matrikkel (IKT): Kr 250 000
- Adferdsprosjekt (vidareføring av prosjekt frå 2008) Kr 450.000

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil med bakgrunn i rådmannsutvalet si innstilling, prioritere følgjande prosjekt for tildeling av skjønnsmidlar for 2009:

- Samordning av infrastruktur for skular og barnehagar (IKT): Kr 250 000
- Ny matrikkel (IKT): Kr 250 000
- Adferdsprosjekt (vidareføring av prosjekt frå 2008) Kr 450.000

Ål 23.2.2009

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

### **Vedlegg:**

1. Prosjektbeskrivelse; Samordning av infrastruktur for skular og barnehagar (IKT)
2. Prosjektbeskrivelse; Ny matrikkel (IKT)
3. Prosjektbeskrivelse; Adferdsprosjekt (vidareføring av prosjekt frå 2008)